

LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTØ	Motestad Rådhuset	Mote dato 14.11.83
Sakshandsamar Haukås	Matr.nr. gnr. 137 bnr. 340 Alver	SAK NR. 492/83
Byggherre meldar Håkon Nesheim	Adr. c/o Jan Tolleshaug 5100 Isdalstø	
Saka gjeld Einebustad - Nybygg		

## Vedlegg:

Søknad om byggjetillatelse, dat. 26.9.83  
kvittering for sendt nabovarsel  
situasjonsplan 1:1000  
teikningar 1:100, dat. 27.9.83  
søknad om ansvarsrett, dat. 26.9.83  
skriv dat. 4.10. og 11.10.83 frå Reknes  
Byggjevarer L/L

## MERKNAD:

Tomta ligg innanfor ein godkjend delingsplan.

## TILRÅDING:

Byggjetillatelse vert gjeve i samsvar med teikningar og utgreiingar vedlagt søknaden og på følgjande vilkår:

1. Eigedomen (bygget) skal knytast til offentleg leidningsnett for vatn. I samsvar med sanitærreglementet for Lindås kommune skal søknad om tilknytning og melding om utføring sendast til teknisk kontor på særskilt skjema vedlagt turvande planar.
2. I samsvar med § 66.2 i bygningslova, og med atterhald om at helserådsordføraren ikkje har noko å merkja, vert det gjeve løyve til utslepp av kloakk i fellesleidning til minst 10 m under fjæra sjø. Slamavskiljaren skal utførast i samsvar med kloakkforskriftene av 1.5.80, jfr. retningslinene pkt. 3, men med halv dimensjon. Slamavskiljaren skal plasserast slik at den utan vanskar kan tømmast frå tankvogn. Sjølv om løyve til utslepp av kloakk er gjeve, pliktar den som årsakar forureining å svara erstatning etter alminnelege erstatningsreglar. Dersom det skulle syna seg at utsleppet fører til ulempe for naboar eller andre, skal eigaren av eigedomen, utan utgift for kommunen, etterkoma dei pålegg som vert sette av helserådet og bygningsrådet for å betra på tilhøva.  
Dersom helserådsordføraren finn det turvande, må søknaden også leggjast fram for helserådet til godkjenning.
3. Bygningssjefen skal avgjera den nøyaktige plasseringa av bygningen og høgð på topp grunnmur. (F 14:21)

../..



LINDAS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTO	Motestad Rådhuset	Mote dato 14.11.83
Sakshandsamar Haukås	Matr nr. gnr. 137 bnr. 340 Alver	SAK NR. 492/83
Byggherre meldar Håkon Nesheim	Adr. c/o Jan Tolleshaug 5100 Isdalstø	
Saka gjeld Einebustad - Nybygg		

Vedlegg.

Forts.

4. Farge og takteking må vera slik at det harmonerar godt med omgjevnaden. Bygningsrådet kan forlanga at bygget skal målast på ny dersom det vert fargesett på ein skjemmande måte. (§ 74)
5. Byggherren skal innordna seg det som vert bestemt mellom utbyggjar og kommunen om opparbeiding og vedlikehald av fellesanlegg innanfor tomtedelingsplanen.
6. Det skal sendast inn søknad om ansvarsrett for tømmerarbeidet og for privat kloakkanlegg. (§ 98)
7. I samsvar med § 93 jfr. § 95 i bygningslova vert det ikkje tillete igangsett arbeid før det er gjeve byggjetillatelse eller graveløyve. Byggjetillatelse vert sendt når vilkåra i vedtaket er stetta.

Bygningsrådet godkjenner Håkon Nesheim som ansvarshavande for grunn- og betongarbeidet. (§ 98)

Garasje skal meldast på vanleg måte til bygningsrådet når det vert aktuelt å byggja den. (§ 93)

Oppføring av forstøtningsmur og av innhegning mot veg skal godkjennast av bygningsrådet etter søknad, jfr. § 93 pkt. e i bygningslova.

Opparbeidd avkøyrsløve skal vera godkjend av vegstyresmaktene før mellombels bruksløyve/ferdigattest vert gjeve.

Ved feiing frå tak må det monterast fast stige eller trinn i taktekinga i samsvar med forskriftene til brannlova § 7. Ta kontakt med feiaren eller bygningskontrolløren for nærare utgreiing.

VEDTAK:

Bygningsrådet godkjenner samrøystes tilrådinga.

FOR LINDAS BYGNINGSRÅD



Utskrift sendt til

Håkon Nesheim  
Helserådsordf.

